

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8734-20
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

42618/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 14.11.2017

Notat**Frå:** Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 22. november 2017**Ferjeavløysing - prosess og økonomiske konsekvensar - oppdatering**

Fylkesrådmannen viser til notat til fylkesutvalet 16.10.17 «Ferjeavløysing – prosess og økonomiske konsekvensar», samt munnleg orientering om ferjeavløysing i fylkesutvalet 31.10.17.

I møte 31.10.17 oppmoda fylkesutvalet om at det vert teke initiativ til eit møte med kommunane Solund og Askvoll for å drøfte premisser for dei aktuelle ferjeavløysingsprosjekta. Slike møte vart haldne 9.11.17 med både politisk og administrativ leiing tilstades frå begge partar.

Fylkesrådmannen vil i dette notatet:

- oppdatere status for dei to ferjeavløysingsprosjekta
- vise ei ny berekning av økonomiske konsekvensar ut frå oppdaterte tal/endra føresetnader.

Status for ferjeavløysingsprosjekta – nye moment i høve til FU-notat 16.10.17Ytre Steinsund

Statens vegvesen (SVV) sende fylkeskommunen 7.11.17 eit førebels kostnadsoverslag på 686 mill. 2017-kr med ein uvisse på +/- 10 pst. Dette talet er ikkje endeleg godkjent i SVV. SVV har gitt arbeidet med kvalitetssikringa av overslaget høg prioritet og fylkesrådmannen vil kome tilbake med endeleg tal når det ligg føre.

Solund kommune sendte reguleringsplan for Ytre Steinsund ut på høyring 31. oktober 2017. Planen skal godkjennast av kommunestyret ca. 20. desember 2017.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i brev av 7.11.17 (vedlegg 1) lagt fram overslag for ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund. Ytre Steinsund kan utløyse om lag 19,7 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2017, og om lag 8,9 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2018. Det mykje lågare talet i høve 2018-ordninga inneber at det blir gitt ferjeavløysingsmidlar i langt fleire år.

Ut frå dette legg fylkesrådmannen til grunn at det er mogleg å oppfylle dei formelle krava til ein fullstendig søknad om ferjeavløysingsmidlar innan 31.12.17 for Ytre Steinsund. Dette føreset at reguleringsplanen vert godkjent og at endeleg kostnadsoverslag vert utan større endringar.

Atløysambandet

KMD skriv i brevet av 7.11.17 at dei kjem attende med overslag på ferjeavløysingsmidlar for dette sambandet.

KMD har enno ikkje teke avgjerd knytt til motsegna om seglingshøgde, og vi har ikkje kjennskap til når ei avgjerd blir teken. Legg ein normal sakshandsamingstid knytt til slike saker til grunn, må vi forvente at dette vil skje i løpet av året eller tidleg i 2018.

Atløysambandet kan difor kome i posisjon til å bli vurdert i løpet av perioden 2018-2021, sjølv om planarbeidet ikkje er kome like langt som for Ytre Steinsund. Før vi kan søke om ferjeavløysingsmidlar for dette sambandet, må det lagast reguleringsplan og det må gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring (prosjekt over 750 mill. kr).

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at når det føreligg godkjent kommuneldelplan, vert det vurdert å løyve midlar til oppstart av reguleringsplan innanfor avsett ramme til planmidlar i perioden 2018-2021.

Presisering i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga

KMD har i brev datert 10.11.17 orientert om at det er teke inn ei presisering i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga knytt til bompengar (vedlegg 2). Dette betyr m.a. at eit ev. finansieringsbidrag frå bompengar vert trekt frå byggjekostnadane ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget for ferjeavløysingsmidlar. KMD presiserer at det ikkje er noko krav om at det skal vere bompengefinansiering av ferjeavløysingsprosjekt.

Økonomiske konsekvensar av ferjeavløysingsprosjekta – oppdatert modell

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei økonomiske konsekvensane av ferjeavløysingsprosjekta ut frå oppdaterte tal og føresetnader.

Prosjektkostnad

I tillegg til kostnadsoverslaget er det lagt inn løyving på 10 % til avviksfond for å møte ev. overskringar. Dette er i tråd med tidlegare praksis for store prosjekt. Vidare er prosjektkostnadane omrekna til 2018-kr. Dette for å kunne relatere tala til RTP og Budsjett 2018/Øk.plan 2018-2021.

Ferjeavløysingsmidlar – beløp og utbetalingsperiode

Modellen er oppdatert med førebelse tal frå KMD for Ytre Steinsund omrekna til 2018-kr. Dette gir 20,21 mill. kr for «gammal ordning» og 9,13 mill. kr for «ny ordning». I dette notatet har vi også synt konsekvensane av «ny ordning» for Ytre Steinsund.

For Atløysambandet har vi ikkje tal frå KMD. I 2016 berekna SVV innsparinga ved ei ev. ferjeavløysing ut frå dagens ferjekontrakt til å vere 16-19 mill. 2016-kr årleg, jf. statusnotat om ferjeavløysing til FU 1.06.16. Ferjeavløysingsmidlane vert berekna ut frå til ei kvar tid gjeldande kostnadsnøklar i inntektssystemet og er såleis ikkje direkte relatert til våre kostnader.

Fylkesrådmannen meiner det kan vere nyttig å syne økonomiske konsekvensar av Atløysambandet i tilsvarande modell som no vert presentert for Ytre Steinsund. I rekneeksemplet er det nytta 20 mill. kr i årlege ferjeavløysingsmidlar.

Utbetalingsperiode vert ut frå retningslinjene for ferjeavløysingsmidlar fastsett slik at nominelle utbetalingar ikkje skal overstige nominell prosjektkostnad (ekskl. mva). Årleg prisjustering av ferjeavløysingsmidlane er 2,5 pst.

Dette gir følgjande utbetalingsperiodar:

- Ytre Steinsund «gamal ordning»: 20,21 mill. kr i 22 år
- Ytre Steinsund «ny ordning»: 9,13 mill. kr i 38 år
- Atløysambandet «ny ordning»: 20,00 mill. kr i 29 år.

Lånerente

I modellen har vi tidlegare lagt til grunn ei lånerente på 5 %. Renta var sett høgare enn renteprognosane i økonomiplanperioden då modellen skulle vere uavhengig av starttidspunkt og skulle gjelde for heile låneperioden.

Fylkesrådmannen har merka seg, både i fylkesutvalet og i møte med kommunane, at det er ønske om at det vert gjort ei ny vurdering av nemnde renteføresetnadar.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at begge prosjekta vil krevje store låneopptak dersom dei skal realiserast. Dette vil gjere oss sårbare for ev. renteauke. Vi må difor ta omsyn til at vi må kunne handtere ei rente i åra framover som kan vere høgare enn det som i dag er den sannsynlege rente-bana. Dette kan handterast ved å leggje til grunn ei rente som er høgare en dagens rentenivå eller ved å nytte fastrente.

Prognosar frå Kommunalbanken 10.11.17 på lån med ei løpetid på 20-40 år og ei fastrente på 10 år ligg på høvesvis 2,44 til 2,49 pst. Dersom vi skal ha rentesikring utover 10 år kan dette i følgje

Kommunalbanken vere mogleg med bruk at sikringsinstrument tilsvarande ei rente på i overkant av 4 pst.

I modellen er det ut frå dette nytta serielån med ei lånerente på 2,44 % første 10 år og 4,44 % for åra etter.

Fylkesrådmannen vil og gjere merksam på at finansreglementet vårt har rammer for både sikrings-lengde og sikringsgrad. Dette er det så langt ikkje teke omsyn til i modellen.

Avdragstid

Modellen legg til grunn at avdragstida samsvarar med tal år det vert utbetalt ferjeavløysingsmidlar. Det er naturleg at prosjektlåna er nedbetalt når vil ikkje lenger får utbetalt slike midlar. Dette er som i notatet til FU 16.11.17. Pga. reglane om minimumsavdrag kan vi ikkje tilrå lengre avdragstid

Prisstigning

Ferjeavløysingsbeløpet blir prisjustert med 2,5 %. I modellen er kapitalkostnad (rente og avdrag) neddiskontert med tilsvarande faktor (2,5 %). Dette er som i notatet til FU 16.11.17.

Alle tal i modellen er i faste 2018-kr.

Ytre Steinsund – 2017-ordninga

Prosjektkostnad 2018-kr	700
Avviksfond 10 pst.	70
Ferjeavløysingsmidlar pr. år i 22 år	20,21
Avdragstid på lån	22
Rente på lån	2,44 % pr. år 1-10 4,44 % pr. år 11-22


Finansieringsplan i faste 2018-kr dei første 10 åra:

Utgifter/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Investeringskostnad	140	280	280							
Avviksfond (10 pst.)			70							
Kapitalkostnad (rente + avdrag)	1	10	26	41	40	38	36	35	34	32
Sum	141	290	376	41	40	38	36	35	34	32

Finansiering/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Ferjeavløysingsmidlar				20,2	20,2	20,2	20,2	20,2	20,2	20,2
Mva. refusjon	27	53	66							
Lån	113	227	283	0						
Driftsmidlar	1	10	26	21	19	18	16	15	13	12
Sum	141	290	376	41	40	38	36	35	34	32

Sum driftsmidlar første 10 år	153
Sum driftsmidlar i ferjeavløysingsperioden	228

Årleg finansieringsutfordring i ferjeavløysingsperioden:



Ytre Steinsund – 2018-ordninga

Prosjektkostnad 2018-kr	700
Avviksfond 10 pst.	70
Ferjeavløysingsmidlar pr. år i 38 år	9,13
Avdragstid på lån	38
Rente på lån	2,44 % pr. år 1-10 4,44 % pr. år 11-38


Finansieringsplan i faste 2018-kr første 10 år:

Utgifter/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Investeringskostnad	140	280	280							
Avviksfond (10 pst.)			70							
Kapitalkostnad (rente + avdrag)	1	8	20	30	29	28	27	26	25	24
Sum	141	288	370	30	29	28	27	26	25	24

Finansiering/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Ferjeavløysingsmidlar				9,1	9,1	9,1	9,1	9,1	9,1	9,1
Mva. refusjon	27	53	66							
Lån	113	227	283							
Driftsmidlar	1	8	20	21	20	19	18	17	16	15
Sum	141	288	370	30	29	28	27	26	25	24

Sum driftsmidlar første 10 år	154
Sum driftsmidlar i perioden	379

Årleg finansieringsutfordring i ferjeavløysingsperioden:



Atløysambandet

Prosjektkostnad 2018-kr	1045
Avviksfond 10 pst.	104
Ferjeavløysingsmidlar pr. år i 29 år	20
Avdragstid på lån	29
Rente på lån	2,44 % pr. år 1-10 4,44 % pr. år 11-29

Finansieringsplan i faste 2018-kr første 10 år:


Utgifter/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Investeringskostnad	209	418	418							
Avviksfond (10 pst.)			104							
Kapitalkostnad (rente + avdrag)	2	14	34	52	50	48	46	44	43	41
Sum	211	432	556	52	50	48	46	44	43	41

Finansiering/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Ferjeavløysingsmidlar				20	20	20	20	20	20	20
Mva. refusjon	40	79	99							
Lån	169	339	423							
Driftsmidlar	2	14	34	32	30	28	26	24	23	21
Sum	211	432	556	52	50	48	46	44	43	41

Sum driftsmidlar første 10 år 234

Sum driftsmidlar i ferjeavløysingsperioden 460

Årleg finansieringsutfordring i ferjeavløysingsperioden:



Finansieringsutfordringar knytt til ferjeavløysingsprosjekta

Dersom ferjeavløysingsprosjekta skal realiserast, i tillegg til investeringar i framlegg til RTP (2018-21), vil dette krevje omprioriteringar. Auke kapitalkostnader må i tilfelle handterast med redusere andre investeringar eller nye innsparingar på driftsbudsjetta.

Tabellen under summerer finansieringsutfordringa dersom det vert lagt opp til oppstart av Ytre Steinsund i 2019 og Atløysambandet i 2021 - for 10-års perioden 2018-2028:

Prosjekt/år	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	Sum
Ytre Steinsund		1	10	26	21	19	18	16	15	13	12	153
Atløysambandet				2	14	34	32	30	28	26	24	190
Finansieringsutfordring	0	1	10	28	35	53	50	46	43	40	36	343

Vidare prosess for ferjeavløysingsprosjekta

Prioritering av prosjekta

Fylkesrådmannen har ikkje vurdert prioriteringsrekkefølga for prosjekta. Begge prosjekta vil krevje ei monaleg eigenfinansiering i tillegg til ferjeavløysingsmidlane. Sjølv om prosjekta er ulikt langt komne på plansida, vil oppstart av eitt prosjekt redusere det økonomiske handlingsrommet for å finansiere det neste. Fylkesrådmannen meiner det er viktig at dette vert teke omsyn til når ein politisk skal vurdere den vidare prosessen for desse prosjekta.

Ytre Steinsund

Dersom det skal sendast endeleg søknad på dette prosjektet i løpet av 2017, må fylkestinget både gjere prinsippvedtak og handsame søknaden i desember. Vedtaket må då ta atterhald om godkjent reguleringsplan dersom denne ikkje er klar.

Fylkesrådmannen vil kunne førebu ei slik sak for fylkestinget i desember dersom fylkesutvalet ber om dette. Fylkesutvalet må samtidig vurdere korleis vi skal finansiere prosjektet, dvs. dekke dei store lånekostnadene.

Atløysambandet

Fylkesrådmannen legg til grunn at vi må vurdere å løyve midlar til oppstart av reguleringsplan innanfor ramma til planmidlar i perioden 2018-2021 når det føreligg godkjent kommuneldelplan.